



## Notat

Dato: 25.03.2015  
Arkivsak: 2014/15938-2  
Saksbehandlar: eirkniv

---

<b>Til:</b>	Kultur- og ressursutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Tilskotsordning for støtte til merking og gradering av turløyper i Hordaland

Fordeling av tilskotsordning til merking og gradering av turløyper er delegert til fylkesrådmannen i sak 13/2015 om retningslinjer og fullmakter på kulturområdet, handsama av Kultur og ressursutvalet 22.1.2015. I denne meldinga orienterer fylkesrådmannen om fordeling av midlar på denne tilskotsordninga i 2015.

#### Om ordninga

På basis av dei gode resultata av Vestlandsprosjektet knytta til merking og gradering av turløyper (2011-2013), vart det i 2014 etablert eit nasjonalt turskiltprosjekt «det merkes i heile landet». Føremålet er å bidra til auka og trygg ferdsel i friluft der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking.

Tilskotsordninga er retta mot merking og skilting av turløyper i tråd med ein nasjonal standard forankra i Merkehåndboka, [www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no). Innkjøp og produksjon av skilt og infotavler, og utarbeiding av informasjon knytt til tavlene kan støttast. Nytt av året er at det kan søkast om midlar til turkort. Prosjektering, infomateriell (utover det som er skildra over), utbetring av sjølve turruta eller til marknadsføring vert det ikkje gitt støtte til.

Dei som kan søke er;

1. frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidarforeiningar, grendelag, velforeiningar, turlag osv) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret.
2. interkommunale friluftsråd
3. kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søkje saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd

#### Fordeling av midlar til merking og gradering av turløyper i Hordaland 2015

Innan fristen 15. desember 2014 søkte Hordaland fylkeskommune Gjensidigestiftelsen om kr 1.470.000 i støtte. Denne summen vart innfridd. Tilskotet føreset ein eigenandel på 50 % frå fylkesnivå i form av fylkeskommunale og kommunale midlar. Eigenadelen for 2015 er finansiert slik: kr. 770.000 av fylkeskommunale midlar og kr. 766.000 i kommunale midlar.

Ved søknadsfristen 15. februar 2015 kom det inn 25 søknadar med tiltak i 17 kommunar. Samla søknadssum på kr 2.352.558 mill. og det er kr. 2. 240. 000 til fordeling. Kr 2.126.000 er fordelt på søknadar, og kr 114.000 er avsett til kurs og oppfølging av prosjekta. Den 23. mars vart tilgjengelege midlar i Hordaland fordelt, i samråd med den tildelingsgruppa i Hordaland; Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Turistinformasjonen i Kvinnherad kommune/ Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kultursjef i Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og seksjon idrett og friluftsliv i Hordaland fylkeskommune.

Søknadane vart vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og fysisk aktivitet.

Det er krav om 50% eigne ressursar (dugnad og/eller eigne midlar) og at ein representant frå søkar skal gjennomføre kurs i nasjonal merkestandar. I Hordaland er det planlagt to regionale dagskurs, 20. og 21. april, i Bergen og Kvinnherad. I tillegg planlegg Bergen og Hordaland turlag å gjennomføre lokale kurs i sine turlag. Tilskotsmottakar har 19 månadar på å ferdigstille arbeidet. Det er positivt at 7 av søkarane har søkt om midlar til utvikling av turkort, slik at dette tiltaket vert utprøvd i Hordaland. Innan 1. april skal søkar verte underretta om fordelinga.

Tabellen under viser tildeling av midlar til merking og gradering av turløyper for 2015.

Søkar	Kommune	Område	Kostnad	Søknad	Tilskot	Merknad
Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy, Fjell, Austevoll, Austrheim Bergen, Lindås, Meland, Tysnes	Friluftsområde i 8 kommunar	571 600	290 000	286 000	Tiltaka er del av ein heilskapeleg plan som går over 5 år. Utarbeiding av turkort til 7 områder med stor bruk.
Fana bygdens venner	Bergen	Fanafjellet	85 800	50 565	43 000	Tiltaket gjeld oppgradering av tidlegare merking til nasjonal standard, og ein ny veg tilrettelagt for barn og barnefamiljar. Tiltaket har plan for aktivitetstiltak.
Kalandseidet IL	Bergen	Kalandseidet	85 220	45 010	42 000	Bytte ut gamle turskilt med nye etter den nasjonale turskiltmalen.
Friluftsrådet Vest og Bømlo kommune	Bømlø	Hisøy	60 000	30 000	30 000	Tiltaket inngår i ein heiltleg plan, har plan for aktivitets-tiltak og turkort.
Sysendalen hyttevevforbund og Løypelag	Eidfjord	Sysendalen	287 800	150 000	144 000	Friluftsområde for hytteeigarar og for innbyggjarar i Ullensvang og Eidfjord.
Fjell kommune og Fjell turlag	Fjell	Fjellparken	701 575	350 787	350 000	Ein heilskapeleg plan. Dei skal utarbeide turkort i eit område rikt på kulturminner.
Fusa Turlag	Fusa	Nærturar i Fusa	366 250	173 850	174 000	Tiltaket gjelder i nærleiken av der folk bur og inneheld turkort.
Kvam næringslag og Kvam Turlag	Kvam	Ulike stadar i Kvam	219 000	90 000	90 000	Videreføring av eit større prosjekt. Tiltaket inneheld turkort.

Kvinnherad kommune og Kvinnherad Turlag	Kvinnherad	Padleløyper i Kvinnherad	774 750	254 750	254 000	Videreføring av eit større prosjekt om merking av padleløyper.
Kvinnherad kommune/ Rosendal turlag	Kvinnherad	Hattebergfossen	179 975	110 975	50 000	Tiltaket gjeld eit mykje nytta turområde. Bord og benkar kan ikkje støttast.
Meland kommune med IL Kvernbit	Meland	Mjåtveitvassdraget	625 183	289 102	289 000	Turruter med stor bruk knytt til haldeplass for kollektivtrafikk. Ein heilskapeleg plan med høve til ulike aktivitetstiltak og opplevingar i verdifullt naturlandskap. Samarbeid med 9 frivillige lag og organisasjonar.
Marøy Grendahus	Radøy	Knappen	14 227	7 000	7 000	Mykje nytta turområde med kulturminner. Fine aktivitetshøve i nærleiken som bading og fiske.
Radøy kommune og Hordabø idrettslag	Radøy	Bømarkane	62 233	31 000	31 000	Mykje nytta turområde for alle aldersgrupper. Tiltaket inneheld turkort.
Radøy kommune og Marås Grendalag	Radøy	Marås - Kolåseidet	57 077	28 500	28 000	Turrute med stor bruk i nærleik av haldeplass for kollektivtrafikk. Ulike høve for aktivitetstiltak i løypa.
Føyk IL	Ullensvang	Føyk	95 000	50 000	40 000	Dei får støtte til merking av turløyper, men får ikkje støtte til turkartkart då dette ikkje er støtteberettiga.
Interesse-selskapet Buføre-Pilgrimsvegen	Ullensvang	Buføre-Pilgrimsvegen	84 535	39 535	25 000	Eit heilskapeleg prosjekt, men ikkje i nærleiken av bustads-område. Stådnamskilta kan ikkje støttast.
Liv Anne og Sveinung Tyssen Berge	Vaksdal	Almane	36 500	48 000		Privatpersonar kan ikkje søke denne tilskotsordninga.
Vaksdal kommune og Bergen og Hordaland Turlag	Vaksdal	Turhefte for militærvegen ved Småbrekke	50 000	15 000		Kan ikkje støtte turhefte.

Vaksdal kommune og Stamnes idrettslag	Vaksdal	Stamnes	53 500	17 000	17 000	Prosjektet er eit samarbeid mellom skulen, idrettslaget og kommunen. Tiltaket er forankra i deira kulturminneplan.
Vaksdal kommune og Vaksdal idrettslag	Vaksdal	Vaksdal	53 500	17 000	17 000	Kultursti i nærmiljøet. Tiltaket er forankra i deira kulturminneplan.
Interessegruppa for Hedleberget	Voss	Hedleberget	94 375	59 375	35 000	Del av eit heilskapeleg prosjekt og har plan for aktivitetstiltak. Søkar kan få maksimalt kr 35.000 i tilskot pga. krav om 50% egne ressursar.
Voss kommune	Voss	Kongevegen Bolstad	18 500	9 300	9 000	Del av eit heilskapeleg prosjekt som skal stå ferdig i 2016. Turkort skal utarbeidast.
Voss kommune og Voss Utferdslag	Voss	Hanguren	118 000	74 000	44 000	Eit mykje nytta turområde ved Voss sentrum. Søkar kan få maksimalt kr 44.000 i tilskot pga. krav om 50% egne ressursar.
Voss Utferdslag	Voss	Storåsen	143 544	71 844	71 000	Skilting av sentrumsnært område som er mykje brukt.
Voss Utferdslag	Voss	Delskilting av Bergens-stien	185 365	50 365	50 000	Lang løype som kan tas etappevis mellom Bergen og Oslo. Merkinga skjer i området til Voss. Del av ein heilskapeleg plan. Ikkje utprega nærområde satsing.
<b>25</b>	<b>17</b>		<b>5 023 509</b>	<b>2 352 958</b>	<b>2 126 000</b>	